

Pressemelding

Dato: 8. januar 2018

## Flest søknader frå Syria i 2017

**NOKUT tok i mot totalt 8613 søknader om godkjenning av høgare utdanning i 2017. Dette er ein auke på 12 prosent frå 2016. Topp tre på søknadstoppen er no Syria, Polen og Storbritannia.**

### Søknader frå Syria og Storbritannia har auka mest i 2017

Talet på søkjarar om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning frå både Syria og Storbritannia auka med 25 prosent frå 2016 til 2017.

– Sjølv om den store straumen av flyktningar frå Syria har minka, så tek det tid før dei søker oss om godkjenning. Dette forklarar kvifor Syria ligg på topp. I tillegg ser vi ein auke i mengda søkjarar frå land der det tradisjonelt er høg arbeidsinnvandring og der det er mange norske utanlandsstudentar. Dette gjeld blant anna Storbritannia og USA, seier Stig Arne Skjerven, direktør for utanlandsk utdanning i NOKUT.

NOKUT forventar også ei auke i søknadsmengda i 2018. Prognosane våre legg opp til like mange søkjarar med kvalifikasjonar frå Syria som i fjor, samtidig som vi forventar at talet på søkjarar frå tradisjonelle land med høg arbeidsinnvandring, som Polen, Storbritannia og Litauen, vil fortsetje å auke.

### Det blir søkt om godkjenning av flest utdanningar tatt i europeiske land

Over 60 prosent av dei som søker om godkjenning kjem frå europeiske land, og dei austeuropeiske landa er klart i fleirtal blant desse. - Hovudårsaka til dette er arbeidsinnvandring, seier Skjerven. - Rundt 20 prosent av søknadsmengda kjem frå typiske flyktningeland, som Syria, Irak, Eritrea, Etiopia og Iran.

---

<b>Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga</b> Telefon: (+47) 21 02 18 00 Faks: (+47) 21 02 18 01	<b>Postadresse</b> Postboks 578 1327 Lysaker	<b>Adresse</b> Drammensveien 288	<b>Kommunikasjonsdirektør</b> Gard Sandaker-Nielsen <a href="mailto:gsn@nokut.no">gsn@nokut.no</a> Tlf: (+47) 951 57 471
---	--	--	---

## Topp 10 søkerland

Disse fordeler seg slik:

<b>Land</b>	<b>2017</b>
Syria	1093
Polen	1038
Storbritannia	684
Litauen	554
Serbia	547
India	515
Filippinene	480
USA	374
Rusland	291
Ukraina	270

---

**Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga**

Telefon: (+47) 21 02 18 00

Faks: (+47) 21 02 18 01

**Postadresse**

Postboks 578  
1327 Lysaker

**Adresse**

Drammensveien  
288

**Kommunikasjonsdirektør**

Gard Sandaker-Nielsen

[gsn@nokut.no](mailto:gsn@nokut.no)

Tlf: (+47) 951 57 471